



OPERA BERGEN  
Komediebakken 9  
5010 BERGEN

Dato: 09.08.2016  
Vår ref.: 2016/2419-57  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Svar på førespurnad

Eg tok i mot dykkar søknad av 3.juli om støtte til *Vestlandsturné Chor der Wiener Staatsoper / Opera Bergen*.

Opera Bergen søkte Hordaland fylkeskommune om kr 130 000 til dette prosjektet gjennom søknadsordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi*. Denne vart, som de skriv, avslegen. Den andre søknaden de sendte inn til same søknadsordning / -runde vart prioritert med kr 65 000. Brev med melding om avslaget og tilsegnet er sendt ut frå Hordaland fylkeskommune i slutten av juni gjennom Altinn, i samsvar med gjeldande praksis.

Hordaland fylkeskommune løyver kulturtilskot berre gjennom våre vedtekne søknadsordningar, og ein søknad om støtte til eit og same tiltak blir vanlegvis berre handsama ein gong i løpet av eit budsjettår. Så eg ser denne søknaden som handsama.

Det er svært mange gode kulturtiltak Hordaland fylkeskommune gjerne skulle ha løyvd støtte til om ein hadde meir midlar til rådvelde. Og, Opera Bergen er ein viktig del av eit svært aktivt og kompetent kulturliv i Hordaland. Til dømes låg det føre 43 søknader til ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* ved søknadsfristen 1. april 2016. Samla søknadssum var på over 4 millionar. Det måtte prioriterast strengt, og det vart innstilt på løyvingar på til saman 618 000 kroner.

Eg takkar for førespurnaden om å skrive ei helsing i programmet for turnéen. Dette skal no vere sendt vidare til rette vedkomande. Eg ynskjer lukke til med både dette prosjektet og sumaroperaen!

Anne Gine Hestetun  
fylkesordfører

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*